



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15166 - 21/6286

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
27.01.2021

Vedtak til klagevurdering - gbnr 220/2 og 220/13 Store Urdal

Tiltak: Arealoverføring
Heimelshavar: DCEikefet Aggregates AS
Søkjjar: Dc Eikefet Aggregates AS

Saksutgreiing

Alver kommune har i administrativt vedtak datert 26.01.2021 gitt dispensasjon frå byggegrensa mot vassdrag for arealoverføring av 248 658 m² frå gbnr 220/2 til gbnr 220/13.

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Eikefet og Urdal utviding av steinbrot og deponi, planid 1263-201107, i hovudsak er avsett til råstoffutvikling (BRU), medan ein mindre del av arealet langs vegen inn i dalen, er avsett til naturforemål (LNA).

Det går fram av føresegn 4.5 i kommunedelplanen for Lindås 2019 –2031 at reguleringsplanen gjeld med endring/supplering av kommunedelplanen der reguleringsplanen ikkje har egne føresegner om temaet. I samsvar med føresegn 2.6.1 i kommunedelplanen er dele- og byggegrensa mot vassdrag/elv/bekk med årssikker vassføring 20 meter der nedslagsfeltet er mindre enn 20 km².

Søknaden har vore på høyring til Statsforvaltaren i Vestland. Det ligg ikkje føre uttale.

Vedlagt følgjer vedtaket til klagevurdering.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Anne Lise Molvik på e-post anne.lise.molvik@alver.kommune.no eller på telefon 56 37 50 00.

Regelverk

Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36. Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Dispensasjon og løyve til arealoverføring - gbnr 220/2 og 20/13 Store Urdal
Situasjonsplan parsell 1 - gbnr 220-2

Kopi til:

Dc Eikefet Aggregates AS	Eikemovegen 3	5994	VIKANES
--------------------------	---------------	------	---------

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
-----------------------------	--------------	------	-----------